



Riksrevisjonen

## Riksrevisjonens melding om verksemda i 2016

Dokument 2 (2016–2017)



42 104 10 587 040 9 425 14 617 8663 38 121 24 060 13 495 17 11

Denne publikasjonen finnes på Internett:  
[www.riksrevisjonen.no](http://www.riksrevisjonen.no)

Offentlige institusjoner kan bestille publikasjonen fra  
Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon  
Telefon: 22 24 00 00  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Andre kan bestille fra  
Bestillinger offentlige publikasjoner  
Telefon: 55 38 66 00  
Telefaks: 55 38 66 01  
E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Fagbokforlaget AS  
Postboks 6050 Postterminalen  
5892 Bergen  
[www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

ISBN 978-82-8229-388-4

Forsideillustrasjon: Flisa Trykkeri. Foto: Ilja Hendel.

## Riksrevisjonens melding om verksemda i 2016

---

Dokument 2 (2016–2017)



## Til Stortinget

I 2016 feira Riksrevisjonen 200-årsjubileum. Riksrevisjonen blei etablert i 1816. Utgangspunktet var den nye staten Noreg og Grunnlova av 1814. Denne fastslo at Stortinget skulle «udnævne fem Revisorer, der aarligen skulle gennemsee Statens Regnskaber».

Ei bok om historia til Riksrevisjonen blei lansert 19. mai. I boka skildrar forfattarane Harald Espeli og Yngve Nilsen korleis Riksrevisjonen har utvikla seg frå å omfatte fem deltidsarbeidande revisorar og i lange periodar vere i ei bakevje overfor politikarar og media, til å oppleve ei stordomstid etter 1990. I dag er Riksrevisjonen synleg i media og hovudleverandøren av saker til kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget.

I Riksrevisjonen er vi opptekne av å utføre samfunnsoppdraget vårt på best mogleg måte og levere revisjonar av høg kvalitet. I takt med at Riksrevisjonen blir meir synleg og får ein meir sentral posisjon, har det frå tid til anna komme kritikk mot arbeidet vårt. For at vi skal kunne utvikle oss vidare og vere best mogleg rusta for framtida, er vi avhengige av også slike innspel og vurderingar frå eksterne aktørar. I samband med jubileet arrangerte vi derfor både seminaret *Riksrevisjonen i framtiden* i Oslo og debatten *Riksrevisjonen på tiltalebenken* under Arendalsuka.

Samanlikna med dei andre nordiske landa blir det forska relativt lite på Riksrevisjonen i Noreg. Vi skal no begynne å bruke eksterne forskarar til å gå gjennom og evaluere nokre av rapportane våre. Forskarane vil kunne sjå på den faglege kvaliteten i rapportane, inkludert relevansen i problemstillingane, samanhengen mellom revisjonskriterium, analyse og konklusjonar, og om konklusjonane er klare og forstålege. Eit slikt prosjekt – saman med evna til å ta innover oss tilbakemeldingar frå andre eksterne aktørar og tilpasse oss utviklinga i samfunnet – vil bidra til at vi kan gå inn i dei neste 200 åra som ein solid og velfungerande riksrevisjon.

Riksrevisjonen, 8. mai 2017

for riksrevisorkollegiet

Per-Kristian Foss  
*riksrevisor*



# Innhald

<b>1</b>	<b>Om Riksrevisjonen</b>	<b>3</b>
1.1	Rolle og oppgåver	3
1.2	Riksrevisorkollegiet	3
1.3	Organisering	4
<b>2</b>	<b>Måloppnåing og ressursbruk</b>	<b>5</b>
2.1	Måloppnåing	5
2.2	Ressursbruk	6
<b>3</b>	<b>Revisjon og rapportering til Stortinget</b>	<b>8</b>
3.1	Rekneskapsrevisjon	8
3.2	Selskapskontrollen	10
3.3	Forvaltningsrevisjon	11
3.4	Anna	12
<b>4</b>	<b>Internasjonale aktivitetar</b>	<b>14</b>
4.1	Internasjonale revisjonsoppdrag	14
4.2	Deltaking i den globale og den europeiske organisasjonen for riksrevisjonar (INTOSAI og EUROSAI)	14
4.3	Nordisk samarbeid	15
4.4	Anna revisjonssamarbeid	15
<b>5</b>	<b>Støtte til utvikling av riksrevisjonar i andre land</b>	<b>16</b>
5.1	Institusjonelle samarbeidsprosjekt	16
5.2	Utviklingssamarbeid og IDI (INTOSAI Development Initiative)	17
<b>6</b>	<b>Dei tilsette i Riksrevisjonen</b>	<b>19</b>
6.1	Arbeidsmiljø og tilsette	19
6.2	Kompetanse	20
<b>7</b>	<b>Styring, administrasjon og interne aktivitetar</b>	<b>22</b>
7.1	Styringa i Riksrevisjonen	22
7.2	Utviklingstiltak	22
7.3	Tryggleik	24
<b>8</b>	<b>Vurderingar av prioriterte område for revisjon og framtidsutsikter for Riksrevisjonen</b>	<b>25</b>
8.1	Digitalisering	25
8.2	Kompleks og samansett styring og verkemiddelbruk i forvaltninga	25
<b>9</b>	<b>Budsjett og rekneskap for 2016</b>	<b>26</b>

<b>Vedlegg 1:</b> Organisasjonskart for Riksrevisjonen per 31. desember 2016	27
<b>Vedlegg 2:</b> Lokalisering av medarbeidarane i Riksrevisjonen per 31. desember 2016	28
<b>Vedlegg 3:</b> Rapportering frå Riksrevisjonen til Stortinget i 2016	29
<b>Vedlegg 4:</b> Uferdige forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2017	30
<b>Vedlegg 5:</b> Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI	32
<b>Vedlegg 6:</b> Årsrekneskap for 2016	35
<b>Vedlegg 7:</b> Revisjonsrapport	36



# 1 Om Riksrevisjonen

## 1.1 Rolle og oppgaver

Riksrevisjonen er eit av kontrollorgana til Stortinget. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir betalte inn som føreset, og at statlege midlar og verdiar blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med vedtak og føresetnader frå Stortinget.

Dei overordna rammevilkåra går fram av lov og instruks om Riksrevisjonen.

### Opgåvene til Riksrevisjonen er

- å revidere statsrekneskapen og alle rekneskapar frå statlege verksemder og andre styresmakter som er rekneskapspliktige til staten, mellom anna forvaltningsbedrifter, forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, statlege fond og andre organ eller verksemder der dette er fastsett i særleg lov (rekneskapsrevisjon)
- å gjennomføre systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtak og føresetnader frå Stortinget (forvaltningsrevisjon)
- å kontrollere forvaltninga av statlege interesser i selskap m.m. (selskapskontroll)
- gjennom revisjonen å bidra til å førebyggje og avdekkje mislege forhold og feil
- å rettleie forvaltninga for å førebygge framtidige feil og manglar

Riksrevisjonen kan etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt.

Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar.

## 1.2 Riksrevisorkollegiet

Den øvste leiinga i Riksrevisjonen er eit kollegium som er sett saman av fem riksrevisorar. Dei er valde av Stortinget for ein periode på fire år. Riksrevisorar i perioden frå 1. januar 2014 til 31. desember 2017 er:

Leiar:	Per-Kristian Foss
Varamedlem:	Martin Engeset
Nestleiar:	Karl Eirik Schjøtt-Pedersen
Varamedlem:	Eirin Faldet
Medlem:	Beate Heieren Hundhammer
Varamedlem:	Kjell Arvid Svendsen
Medlem:	Gunn Karin Gjul
Varamedlem:	Per Jordal
Medlem:	Arve Lønnum
Varamedlem:	Frode Ludvigsen



Riksrevisorkollegiet. Framme: Per-Kristian Foss og Karl Eirik Schjøtt-Pedersen. Bak: Gunn Karin Gjul, Arve Lønnum og Beate Heieren Hundhammer. Foto: Ilja Hendel

---

### 1.3 Organisering

Riksrevisjonen har ei administrasjonsavdeling, ei støtte- og utviklingsavdeling, tre rekneskapsrevisjonsavdelingar og to forvaltningsrevisjonsavdelingar. Selskapskontrollen er organisert saman med forvaltningsrevisjonen. Juridisk og kommunikasjonsfagleg støtte og koordinering av planarbeidet i Riksrevisjonen er samla i stabsseksjonen, som ligg direkte under revisjonsråden. Vedlegg 1 viser organisasjonskartet.

Ved starten av året hadde Riksrevisjonen planlagt med til saman 466 årsverk. Talet på årsverk var stabilt gjennom heile 2016. Totalt blei det i 2016 utført 435 årsverk i Riksrevisjonen. Dei utførte årsverka er rekna ut med ein felles utrekningsmetodikk frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ). Dette er nærare forklart i årsrekneskapen.

Riksrevisjonen har hovudkontor i Oslo og regionkontor i Bergen, Trondheim, Bodø, Tromsø, Hamar og Kristiansand. Hovudkontoret flytta i september 2016 frå Pilestredet 42 til Storgata 16. I tillegg har Riksrevisjonen åtte tilsette fordelt på fem lokalkontor i andre byar. Desse lokalkontora blei formelt avvikla per 1. januar 2017. Riksrevisjonen har 75 tilsette ved regionkontor utanfor Oslo.

Vedlegg 2 viser lokaliseringa av Riksrevisjonen rundt om i landet per 31. desember 2016.

## 2 Måloppnåing og ressursbruk

---

### 2.1 Måloppnåing

Visjonen til Riksrevisjonen er å bidra til betre offentleg ressursbruk. Omgivnadene skal oppleve Riksrevisjonen som eit kompetent, uavhengig og objektivt revisjons- og kontrollorgan. Samarbeidet internt skal vere prega av lagånd, openheit og respekt.

Strategisk plan for perioden 2014–2018 blei vedteken i desember 2013. Den strategiske planen tek føre seg dei viktigaste utfordringane Riksrevisjonen står overfor for å kunne løyse samfunnsoppdraget i tråd med visjonen. Det er definert tre strategiske mål for perioden 2014–2018:

#### **Mål 1: Aktuell og samfunnsnyttig revisjon**

Revisjonen skal ha stor relevans og aktualitet for samfunnet.

Dette vil seie at Riksrevisjonen skal

- prioritere desse strategiske områda:
  - helse
  - velferd, arbeid og pensjon
  - samfunnsstryggleik og beredskap
  - samferdsel
  - globalisering, bistand og miljø
- prioritere revisjonsoppgåvene og ressursbruken etter ei heilskapleg vurdering av risiko og kor vesentleg det aktuelle området er – på tvers av departementsområda
- prioritere revisjon som går på tvers av departement – også utover dei strategiske satsingsområda
- styrkje forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på viktige område

#### *Status for måloppnåing 2016*

I verksemdsplanane blir det valt ut prioriterte revisjonsoppgåver ut frå ei overordna vurdering av risiko innanfor kvart av departementa og på tvers av departementa. Sjå også 7.1.

Riksrevisjonen har sendt tolv forvaltningsrevisjonsrapportar i Dokument 3-serien til Stortinget i 2016 og gitt ut éin administrativ rapport, jf. vedlegg 3. Ni av rapportane dekkjer tema innanfor dei strategiske satsingsområda. Av desse dekkjer fire rapportar også tema som går på tvers av departement.

Resultata frå selskapskontrollen er rapporterte til Stortinget gjennom Dokument 3:2 (2016–2017). Tre av fem utvida kontrollar var innanfor dei strategiske satsingsområda, og éin av kontrollane gjaldt tema på tvers av departementa.

Resultata frå rekneskapsrevisjonen for 2015 er elles rapporterte til Stortinget gjennom Dokument 1 (2016–2017).

#### **Mål 2: Profesjonell revisjon og kontroll**

Riksrevisjonen skal vere eit profesjonelt revisjons- og kontrollorgan med høg kompetanse. Planlegging, gjennomføring, rapportering og kommunikasjon skal utførast på ein måte som gjer at Stortinget, forvaltninga og allmenta opplever oss som profesjonelle.

Dette vil seie at Riksrevisjonen skal

- gjennomføre revisjon og rettleiing med høg fagleg kvalitet og i tråd med lov, instruks og internasjonale standardar
- koordinere planlegging og gjennomføring av oppgåvene innanfor dei enkelte departementa på tvers av revisjonstypane
- følgje opp rolla som ekstern revisor i statlege verksemdar i samsvar med god revisjonsskikk
- kommunisere revisjonen og resultatane tydeleg og målretta for å auke gjennomslagskrafta og bidra til ei betre forvaltning

#### *Status for måloppnåing 2016*

Revisjonsmetodikken i Riksrevisjonen er i tråd med internasjonale standardar, og det blir arbeid kontinuerleg for at revisjonen skal halde høg fagleg kvalitet og vere mest mogleg einsarta. Riksrevisjonen prioriterer revisjonsoppgåvene ut frå ei heilskapleg vurdering av risiko og kor vesentlege dei ulike områda er.

For å sikre at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon og kontroll skjer i tråd med lov, instruks og revisjonsstandardar, gjennomfører Riksrevisjonen ein årleg periodisk inspeksjon (kvalitetskontroll utanfor linja) av dei ulike revisjonstypane. Resultata frå slike inspeksjonar blir brukte som innspel til det kontinuerlege betringsarbeidet. Enkelte avvik blei avdekte gjennom inspeksjonen i 2015. Det blei ikkje gjennomført periodisk inspeksjon i 2016. Resultata frå 2015-inspeksjonen var ikkje klare før seint i revisjonsåret, og Riksrevisjonen ønskte å sjå an effekten av tiltaka etter denne inspeksjonen før det blei gjennomført ein ny inspeksjon.

Merknadene frå Stortinget til dokumenta frå Riksrevisjonen viser at oppdragsgivaren har høg tillit til Riksrevisjonen.

Brukarundersøkingar som er gjennomførte etter at revisjonsresultata frå alle dei tre revisjonstypane var lagde fram, blir følgde opp i dei respektive avdelingane. Brukarundersøkingane er nærare omtalte i kapittel 3.

### **Mål 3: God leiing og effektiv ressursbruk**

God leiing, organisering og styring skal sikre effektiv oppgåveløysing og fleksibel ressursbruk. Leiingar og medarbeidarar skal saman sikre samsvar mellom oppgåver, kompetanse og gjennomføring av arbeidet.

Dette vil seie at Riksrevisjonen skal

- ta tydelege strategiske avgjerder og sikre gjennomføring i organisasjonen
- leggje vekt på god fagleg leiing som gir meirverdi og kvalitet i oppgåveløysinga
- halde fram utviklinga av sterke kompetansetilgjeng
- utnytte kompetanse og ressursar på tvers av organisasjonseiningar og revisjonstypar betre
- sikre at støttesystema bidreg til effektiv og god oppgåveløysing

#### *Status for måloppnåing 2016*


I perioden har det vore gjennomført eit utviklingsprogram for leiinga. Dette blir ført vidare i 2017. Resultata frå leiarevalueringa i 2015 er gode og har ført til at risikoen for ikkje å nå målet om god fagleg leiing har blitt redusert. Sjå også omtale i 7.2 *Utviklingstiltak*.

Vidare har det vore sett i verk tiltak for å betre og forenkle revisjonsfaglege og administrative støttesystem. Dette har ført til ein nedgang i årsverk frå 445 i 2015 til 435 i 2016 samtidig som produksjonen var den same som i 2015.

## 2.2 Ressursbruk

Figur 1 viser fordelinga av personellressursane på dei ulike aktivitetane i 2016. Ressursfordelinga har vore relativt stabil dei seinare åra.

Figur 1: Fordelinga av personellressursane på dei ulike aktivitetane i 2016



Tabell 1 viser revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i åra frå 2013 til 2016. Fordelinga har vore stabil gjennom denne perioden.

Tabell 1 Revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i perioden 2013–2016, i prosent

Revisjonstype	2013	2014	2015	2016
Rekneskapsrevisjon	66	66	65	65
Forvaltningsrevisjon	26	26	25	26
Selskapskontroll	8	8	10	9

## 3 Revisjon og rapportering til Stortinget

Kritikken frå Riksrevisjonen i rapporteringa til Stortinget blir gitt i form av to uttrykk:

- Alvorleg blir brukt om forhold som kan ha vesentlege konsekvensar, eller der summen av feil og manglar er så stor at dette må reknast som alvorleg i seg sjølv. Svært alvorleg blir berre brukt unntaksvis, til dømes ved risiko for liv eller helse.
- Kritikkverdig blir brukt for å karakterisere mangelfull forvaltning der konsekvensane ikkje nødvendigvis er alvorlege, som feil og manglar ved rekneskapen, saker med reint økonomiske konsekvensar, brot på regelverk eller saker som er tekne opp tidlegare, og som framleis ikkje er retta opp. Sterkt kritikkverdig blir berre brukt unntaksvis.

### Særlege undersøkingar

I samsvar med lov om Riksrevisjonen § 9 sjuande ledd første punktum har Stortinget i 2016 bede Riksrevisjonen om å setje i gang særlege undersøkingar av byggjeprojekta til Stortinget i Prinsens gate 26 og salsprosessen ved salet av to F-5 jagarfly. Desse undersøkingane vil bli rapporterte til Stortinget i april–mai 2017.

---

### 3.1 Rekneskapsrevisjon

#### Innhaldet i rekneskapsrevisjonen:

Riksrevisjonen skal ved revisjon av rekneskapane kontrollere om rekneskapen gir eit rett bilete av den økonomiske verksemda. Det omfattar mellom anna å

- a) stadfeste at rekneskapane ikkje inneheld vesentlege feil og manglar
- b) kontrollere om dei disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget, og det gjeldande regelverket, og om disposisjonane er akseptable ut frå normer og standardar for statleg økonomiforvaltning

### Den årlege revisjonen og kontrollen for budsjettåret 2015

#### – Dokument 1 (2016–2017)

Den årlege finansielle revisjonen for rekneskapsåret 2015 omfatta 15 departement, Statsministerens kontor og 240 underliggjande statlege verksemder. I tillegg reviderte Riksrevisjonen rekneskapane til stortingsadministrasjonen og tre verksemder som er underlagde Stortinget.

Riksrevisjonen reviderte også rekneskapane for Garantikassa for fiskarar og likviditetsfondet i pensjonstrygda for fiskarar, bruk av fylkesvegmidlar som blir rekneskapsførte av Statens vegvesen (etter avtale), og dei kommunevise skatterekneskapane, som er delrekneskapar til den samla rekneskapen til skatteetaten. Riksrevisjonen gav dessutan revisjonsmelding til fem nordiske verksemder og til FN-sambandet.

Saker som blir rapporterte i Dokument 1, kan vere vesentlege feil i statsrekneskapen eller vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap, vesentlege brot på vedtak og føresetnader frå Stortinget, og mangelfull oppfølging av tidlegare rapporterte forhold.

Vesentlege forhold som er avdekte i revisjonen av underliggjande verksemder, vil bli rapporterte til Stortinget dersom departementet må ta eit særleg ansvar for å løyse saka i styringsdialogen, eller dersom saka kan ha budsjettkonsekvensar. I vurderinga

av om eit forhold er vesentleg, blir det lagt vekt på om det gjeld problemstillingar som Stortinget er særleg oppteke av, eller som er del av den offentlege debatten.

Andre forhold som er avdekte i revisjonen av underliggjande verksemder, blir berre rapporterte til verksemdene og er ikkje omtalte i Dokument 1. I Dokument 1 blir det likevel gitt ei oversikt over kva for underliggjande verksemder som har fått vesentlege merknader i årets revisjon og dei fem siste åra. Kva årets merknad gjeld, er opplyst i ein fotnote. Vesentlege merknader vil seie modifisert melding til rekneskapen og/eller vesentlege merknader til budsjett disponeringa.

I revisjonen av 2015-rekneskapane fekk 214 verksemder revisjonsmelding utan vesentlege merknader. For 26 av verksemdene hadde Riksrevisjonen vesentlege merknader. 16 av desse merknadene gjaldt budsjettgjennomføringa.

### Rekneskap for Sametinget 2015

Revisjonsmeldinga frå Riksrevisjonen for rekneskapen til Sametinget for 2015 blei send til sametingsrådet 29. februar 2016 for å vere tilgjengeleg ved Sametingets plenumsbehandling av årsmelding og rekneskap i mars 2016. Tidlegare har praksis vore å sende over revisjonsmeldinga til Sametinget samtidig som til dei andre reviderte verksemdene, altså i slutten av mai månad.

Det går fram av St.meld. nr. 28 (2007–2008), kapittel 7 at Sametinget som samepolitisk organ ikkje kan reknast for å vere eit underordna organ av departementa. Det går også fram at så sant det blir gjort budsjettvedtak om det i Stortinget, fordeler Sametinget i eit plenums møte løyvingane som er gitt over budsjetta til dei ulike departementa, og Sametinget fastset retningslinjer for tilskotsforvaltninga. Midlane Sametinget disponerer i samsvar med dei årlege tildelingsbrev, blir dermed forvalta ut frå vedtaka og føresetnadene til Sametinget. Riksrevisjonen kontrollerer også disposisjonane til Sametinget og har eigne prosedyrar for revisjonskommunikasjon med Sametinget.

### Brukarundersøking om rekneskapsrevisjonen

Resultata frå brukarundersøkinga om rekneskapsrevisjonen for rekneskapsåret 2015 viser at måloppnåinga er svært god. Undersøkinga byggjer på svar frå 82 prosent av 228 reviderte verksemder og departement. Tabell 2 viser måloppnåinga for dei aktuelle resultatindikatorane.

Tabell 2 Revisjonsinnsatsen fordelt på dei ulike revisjonstypene i perioden 2013–2016, i prosent

Resultatindikator	Mål-oppnåing 2013	Mål-oppnåing 2014	Mål-oppnåing 2015	Mål-oppnåing 2016
Minst 85 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har god nok kompetanse.	90 %	91 %	87 %	94 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen gir konstruktiv rettleiing.	78 %	78 %	80 %	85 %
Minst 85 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	93 %	92 %	92 %	97 %

Måloppnåinga er betra på alle indikatorane for 2016 samanlikna med 2015. Måla for rekneskapsrevisjon, som er fastsette i den strategiske planen, er dermed nådde i 2016.

## 3.2 Selskapskontrollen

### Innhaldet i selskapskontrollen:

Riksrevisjonen vurderer gjennom selskapskontrollen om statlege interesser i selskap m.m. blir forvalta i samsvar med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget. Kontrollen skal opplyse forhold som er svært viktige for samfunnet eller prinsipielt viktige på bakgrunn av vurderingar av risiko og kor vesentleg det aktuelle området er. Kontrollen blir utført ut frå desse perspektiva:

- etterleving av lover, reglar og vedtak
- oppfølging av samfunnsoppgåver og sektorpolitiske mål
- effektiv og økonomisk forsvarleg drift
- korrekt informasjon til Stortinget og Riksrevisjonen

### Kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2015

#### – Dokument 3:2 (2016–2017)

Selskapskontrollen for 2015 omfatta 41 heileigde aksjeselskap, 36 deleigde aksjeselskap, 1 ansvarleg selskap med delt ansvar, 6 allmennaksjeselskap (ASA), 8 statsføretak, 4 regionale helseføretak og 7 selskap som er organiserte ved særskild lov, medrekna 1 særlovselskap som per 2015 omfatta 20 studentsamskipnader.

Riksrevisjonen hadde merknader til korleis statsråden hadde forvalta statlege interesser under Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Olje- og energidepartementet og Samferdselsdepartementet.

Selskapskontrollen med forvaltninga av statlege selskap for 2015 omfatta fem saksforhold. Sakene gjaldt desse forholda:

- handtering av uønskte hendingar i helseføretaka
- styring på ikt-området i Sjukehuspartner HF
- eigaroppfølging av samfunnsansvar i selskap med statleg eigarpart
- Statnett og utbygging av sentralnettet
- lønnsemd og synergieffektar i Posten Noreg AS

### Brukarundersøking om selskapskontrollen

Resultata frå den oppsummerte brukarundersøkinga for selskapskontrollen byggjer på fem utvida rapportar og totalt ni svar. Seks av respondentane er departement. Tabell 3 viser måloppnåinga for dei aktuelle resultatindikatorane.

Tabell 3 Resultatindikatorar og måloppnåing for selskapskontrollen

Resultatindikator*	Måloppnåing 2014	Måloppnåing 2015	Måloppnåing 2016
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har god nok kompetanse.	89 %	83 %	81 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	74 %	75 %	67 %
Minst 80 % av departementa seier at dei har brukt eller planlegg å bruke rapportane frå Riksrevisjonen som grunnlag for endringar eller betringar.	76 %	66 %	69 %

\* Spørjeskjemaet blei endra frå 2014. Det er derfor ikkje relevant å presentere resultat frå tidlegare år i tabellen.



Forvaltninga vurderer selskapskontrollen som god når det gjeld profesjonalitet. Når det gjeld resultatmålet for indikatorane presentasjon og nytte, er ikkje målet nådd i perioden 2014 til 2016. For selskapskontroll er talet på rapportar og svar så lågt at nokre få enkelt svar kan gi store prosentvise utslag. Det er altså ikkje grunnlag for å trekkje bastante og generelle konklusjonar basert på brukarundersøkingane isolert sett. Dei meir spesifikke kommentarane til dei enkelte rapportane er likevel viktige innspel til den vidare utviklinga av selskapskontrollen.

### 3.3 Forvaltningsrevisjon

#### Innhaldet i forvaltningsrevisjonen:

Riksrevisjonen skal gjennom systematiske undersøkingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtaka og føresetnadene til Stortinget hente inn relevant informasjon til Stortinget om innføringa og verknadene av offentlege tiltak, mellom anna

- a) om forvaltninga nyttar ressursane til å løyse oppgåver som samsvarer med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget
- b) om ressursbruken og verkemidla i forvaltninga er effektive med tanke på dei måla Stortinget har sett på området
- c) om regelverk som er fastsette av Stortinget, blir etterlevde
- d) om styringsverktøy, verkemiddel og regelverket til forvaltninga er effektivt og tenleg for å følgje opp vedtaka og føresetnadene frå Stortinget
- e) om avgjerdsgrunnlaget frå regjeringa til Stortinget er godt nok
- f) om forvaltninga gjennomfører den vedtekne miljøpolitikken, slik at prinsippet om berekraftig utvikling og god forvaltning av naturressursane blir etterlevd

Forvaltningsrevisjon bør avgrensast til saker av prinsipiell interesse, økonomisk interesse eller stor samfunnsinteresse.

#### Forvaltningsrevisjonar som blei fullførte i 2016

Riksrevisjonen sende tolv forvaltningsrevisjonar til behandling i Stortinget i 2016. I tillegg blei éin forvaltningsrevisjon send til orientering – denne er skildra under administrative rapportar nedanfor. Revisjonane rapporterer om låg måloppnåing og effektivitet på viktige samfunnsområde, manglande effektar av statlege tiltak og verkemiddel, og svak styring på ei rekkje område.

Vedlegg 3 viser ei oversikt over alle revisjonane som blei sende til Stortinget i 2016. Vedlegg 4 gir ei oversikt over forvaltningsrevisjonar som ikkje er fullførte, men som blir førte vidare i 2017.

#### Administrative rapportar i 2016

Enkelte forvaltningsrevisjonar blir ikkje sende til Stortinget som eiga sak, men gitt ut i ein administrativ rapportserie og sende til kontroll- og konstitusjonskomiteen, den aktuelle fagkomiteen og dei aktuelle departementa til orientering.

Det blei utarbeidd éin administrativ rapport i 2016, *Riksrevisjonens undersøkelse av Klima- og miljødepartementets arbeid med å sikre godt vannmiljø og bærekraftig bruk av vannressursene* (Administrativ rapport 1/2016). Rapporten er tilgjengeleg på nettsidene til Riksrevisjonen ([www.riksrevisjonen.no](http://www.riksrevisjonen.no)).

#### Betringar i forvaltninga

Riksrevisjonen følgjer opp alle forvaltningsrevisjonar som er behandla av Stortinget,

gjennom å kontrollere at forvaltninga har sett i verk tiltak for å rette opp manglane som blei avdekte. Oppfølginga skjer normalt tre år etter stortingsbehandlninga. Resultata av oppfølginga blir presenterte for Stortinget i det årlege Dokument 3:1.

Dokument 3:1 (2016–2017) *Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner som er behandlet av Stortinget* blei levert til Stortinget 18. oktober 2016. Oppfølginga tok føre seg 16 saker. I 14 av sakene viste oppfølginga at forvaltninga hadde betra eller varsla om endringar som gjaldt forhold Riksrevisjonen hadde hatt merknader til. Dokument 3:9 (2011–2012) *Riksrevisjonens undersøkelse av havbruksforvaltningen* og Dokument 3:11 (2012–2013) *Riksrevisjonens undersøkelse av skatte- og avgiftsmyndighetenes kontroll av merverdiavgift* blir følgde vidare.

### Brukarundersøking om forvaltningsrevisjon

Resultata frå den oppsummerte brukarundersøkinga for forvaltningsrevisjonen byggjer på 14 rapportar og totalt 28 svar. 18 av respondentane er departement. Tabell 4 viser måloppnåinga for dei aktuelle resultatindikatorane.

**Tabell 4 Resultatindikatorar og måloppnåing for forvaltningsrevisjon**

Resultatindikator*	Måloppnåing 2014	Måloppnåing 2015	Måloppnåing 2016
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen har god nok kompetanse.	87 %	87 %	83 %
Minst 80 % av forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata av revisjonen på ein god, balansert og truverdig måte.	81 %	73 %	69 %
Minst 80 % av departementa seier at dei har brukt eller planlegg å bruke rapportane frå Riksrevisjonen som grunnlag for endringar eller betringar.	77 %	80 %	73 %

\* Spørjeskjemaet blei endra frå 2014. Det er derfor ikkje relevant å presentere resultat frå tidlegare år i tabellen.

Forvaltninga vurderer profesjonaliteten i forvaltningsrevisjonen som høg. Forvaltningsrevisjonen når ikkje resultatmåla for indikatorane presentasjon og nytte i 2016. Måloppnåinga over tid er ikkje tilfredsstillande når det gjeld spørsmålet om forvaltninga opplever at Riksrevisjonen presenterer resultata på ein god, balansert og truverdig måte. Riksrevisjonen vil vere spesielt opptekne av dette i revisjonen framover.

## 3.4 Anna

### Undervisning, føredragsverksemd, seminar og liknande

Riksrevisjonen har i fleire samanhengar bidrege med undervisning og føredrag, mellom anna for forvaltninga, utdanningsinstitusjonar, statsselskapa, interesseorganisasjonar og utval, og på førespurnad frå eksterne kursarrangørar. I 2016 heldt riksrevisoren og tilsette i Riksrevisjonen ei rekkje revisjonsfaglege føredrag og andre føredrag i eksterne forum.

### Tips til Riksrevisjonen

Riksrevisjonen har ein elektronisk tipskanal som er knytt til nettstaden vår. I 2016 blei det regis-tret 174 tips, mot 136 tips i 2015. Dei fleste tipsa kan ikkje karakteriserast som tips om mishald, men kan likevel vere nyttige for revisjonen. Tipsa kan sendast inn anonymt eller under fullt namn. Dei som tipsar under fullt namn, får ikkje tilbakemelding om korleis tipset blir følgt opp, men kan bli kontakta for å hente inn meir informasjon

dersom det er nødvendig. Tipsa blir behandla og følgde opp av den ansvarlege seksjonen.

Tipskanalen blir levert av ein ekstern leverandør. Løysinga er kryptert frå ende til ende frå tipset kjem inn hos leverandøren, og fram til det når Riksrevisjonen.

### **Kommunikasjon**

Riksrevisjonen skal vere tydeleg, open og tilgjengeleg, og kommunikasjonen skal støtte opp under den strategiske planen og verdiane til Riksrevisjonen. Kommunikasjonsstrategien skisserer kommunikasjonsprinsipp, målgrupper og kommunikasjonsmål.

I 2016 hadde Riksrevisjonen åtte arrangement for media i samband med offentleggjering av dokument.

Sakene til Riksrevisjonen blir stadig omtalte i media. Sakene som fekk mest medieomtale i 2016, var

- *Riksrevisjonens undersøkelse av ressursutnyttelse og kvalitet i helsetjenesten etter innføringen av samhandlingsreformen*
- Dokument 1: *Politiets og Forsvarets arbeid med objektsikring*
- *Riksrevisjonens undersøkning av arbeidet til styresmaktene for å nå måla om økologisk landbruk*
- Dokument 1: *Statlige midler går tapt som følge av at utestående krav etter feilutbetaling av trygdeytelser foreldes*
- *Riksrevisjonens undersøkelse av effektivitet i vedlikehold av jernbanenettet*

Den negative omtalen av Riksrevisjonen i media gjekk ned frå fem prosent i 2015 til to prosent i 2016. Medieomtalen blir vekta som negativ dersom leiinga i verksemda eller leiinga i eit departement seier seg ueinige med funna eller konklusjonane til Riksrevisjonen, eller dersom ei sak kan svekkje tilliten til Riksrevisjonen. Det var graderinga av undersøkinga av den operative evna til fregattvåpenet og resultatata av den utvida kontrollen av lønnssemda i Posten som utgjorde flest av dei negative omtalane.

Som i 2014 gjennomførte Riksrevisjonen også i 2016 ei omdømmeundersøking. Nokre fleire respondentar veit kven som er riksrevisor i 2016 enn i 2014, medan kjennskapen til oppgåvene til Riksrevisjonen, vurderinga av kor viktig oppgåvene er, og kor godt dei blir utførte, er stabilt høg. Vidare blir oppgåvene til Riksrevisjonen vurderte som viktige, og Riksrevisjonen blir vurdert som truverdig.

### **Riksrevisjonen 200 år**

I 2016 markerte Riksrevisjonen 200 år som verksemd. Dei fem første statsrevisorane i Noreg blei valde av Stortinget 22. juni 1816. Jubileet blei markert gjennom fleire



arrangement: boklansering av *Riksrevisjonens historie 1816–2016*, fagseminar om Riksrevisjonen i framtida og Riksrevisjonen i verda, offisiell jubileumsmarkering i Oslo og deltaking på Arendalsuka.

H.K.H. Kronprinsen og riksrevisoren under den offisielle jubileumsmarkeringa.

Foto: Trond & Trond / Tom E. Pike

## 4 Internasjonale aktiviteter

Riksrevisjonen vedtok i 2014 ein ny strategi for den internasjonale verksemda. Strategien gir retning og grunnlag for prioriteringar i det internasjonale engasjementet i perioden 2014–2018. Den internasjonale strategien skal støtte opp under og spegle måla som er sette opp i den strategiske planen for Riksrevisjonen for den same perioden. Spesielt er det viktig at Riksrevisjonen utviklar og har høg fagleg kompetanse. Det er viktig at det internasjonale arbeidet støttar opp under dette målet og legg til rette for å styrkje kunnskap og dele erfaring på område som er viktige for Riksrevisjonen. Bistandsprosjekta til Riksrevisjonen byggjer på tankegangen om at uavhengige og effektive riksrevisjonar er ein føresetnad for å sikre velfungerande kontroll av offentleg sektor og kamp mot korrupsjon og mishald.

---

### 4.1 Internasjonale revisjonsoppdrag

Riksrevisjonen har som mål å ta på seg oppdrag som ekstern revisor i internasjonale organisasjonar som Noreg er medlem av for å påverke til større openheit og betre forvaltning i dei mange internasjonale organisasjonane.

I 2016 omfatta porteføljen til Riksrevisjonen desse revisjonsoppdraga:

- Leiar av EFTA Board of Auditors (EBOA) overvåkingsorganet i EFTA (ESA), EFTA-domstolen og EFTA-sekretariatet, og EØS-overføringane til nye EU-medlemmer.
- Revisjonsrådet for European Patent Office (EPO)
- INTERPOL – den internasjonale politiorganisasjonen
- European Centre for Medium Range Weather Forecasts (ECMWF)

---

### 4.2 Deltaking i den globale og den europeiske organisasjonen for riksrevisjonar (INTOSAI og EUROSAI)

Hausten 2013 vedtok kongressen for INTOSAI (INCOSAI) grunnleggjande prinsipp for offentleg revisjon (ISSAI-rammeverket). Gjennom 2016 heldt ein fram arbeidet med å gå gjennom og drive vidare utviklinga av standardar og retningslinjer for kvar av revisjonstypene. ISSAI-rammeverket omfattar krav til institusjonelt sjølvstende og etikk, overordna styring og leiing, generelle prinsipp for offentleg revisjon og metodikk for finansiell revisjon, etterlevingsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Riksrevisjonen tek del i arbeidet i *International Organization of Supreme Audit Institutions* (INTOSAI) med å setje i verk ISSAI-ane (*International Standards for Supreme Audit Institutions*).

Riksrevisjonen fullførte i 2016 arbeidet med å leie komiteen i INTOSAI som har ansvar for å utarbeide og halde ved like standardar for etterlevingsrevisjon (*Compliance Audit*). Riksrevisjonen har teke på seg ansvaret for å leie arbeidet med å utarbeide og halde ved like standardar for forvaltningsrevisjon (*Performance Audit*). Riksrevisjonen er i tillegg medlem av standardkomiteane for etterlevingsrevisjon og finansiell revisjon. I alle tre gruppene har Riksrevisjonen bidrege sterkt til å utarbeide og oppdatere standardane for dei tre revisjonstypene.

I 2016 fullførte også Riksrevisjonen ei oppdatering av dei internasjonale standardane for revisjon av internasjonale organisasjonar: *ISSAI 5000 Audit of International*

*Organisations og INTOSAI GOV 9300 Principles for External Audit Arrangements for International Institutions.*

### **Miljørevisjon**

Noreg har lenge hatt ei aktiv rolle i miljøarbeidsgruppene i INTOSAI og EUROSAI. I 2016 fullførte Riksrevisjonen ei ny internasjonal rettleiing for avfallsrevisjon som blei godkjend på møtet i miljøgruppa i oktober.

### **Ikt-revisjon**

Riksrevisjonen gav i 2016 kommentarar og bidrag til arbeidet med å fullføre *ISSAI 5300 on Guidelines on IT Audits*. Standarden blei lagd fram for og godkjend i INCOSAI i desember 2016.

---

## **4.3 Nordisk samarbeid**

Det nordiske samarbeidet mellom dansk, svensk, finsk, færøysk, islandsk og norsk riksrevisjon skjer på riksrevisor- og ekspertnivå. Gjennomgåande tema i 2016 var nye og raskare rapporteringsformer og digitalisering av forvaltninga.

---

## **4.4 Anna revisjonssamarbeid**

### **Joint Strike Fighter**

Riksrevisjonen var vertskap for den tolvte Joint Strike Fighter-konferansen 19.–21. september 2016. I tillegg til den norske riksrevisjonen deltok representantar frå sju andre riksrevisjonar frå land som er partnarar i F-35-programmet. Det var også med representantar frå Joint Program Office (JPO), internrevisjonen i det amerikanske forsvarsdepartementet (DoD OIG) og frå det norske kampflyprogrammet. Temaet for konferansen var å identifisere risiko i JSF-programmet og diskutere felles utfordringar i revisjonen og moglege revisjonstema. Konferansen viste at det er stor grad av samanfall i korleis riksrevisjonane vurderer risiko og dei utfordringane som gjeld for partnarlanda.



Deltakarar på JSF-konferansen. Foto: Riksrevisjonen

**Norsk-russisk samarbeid**

Den norske og russiske riksrevisjonen har samarbeidd om fleire forvaltningsrevisjonar sidan 2006 på sentrale område der landa har felles interesser – til dømes fiskeriforvaltning i Barentshavet, atomtryggleik og Arktisk råd. I 2016 blei den norske og russiske riksrevisjonen enige om å starte opp ein ny fellesrevisjon av det norsk-russiske bilaterale miljøsam arbeidet, der ein mellom anna vil ta utgangspunkt i arbeidet til den norsk-russiske miljøkommisjonen.

## 5 Støtte til utvikling av riksrevisjonar i andre land

Målet for utviklingssamarbeidet til Riksrevisjonen er å støtte riksrevisjonar i utvalde utviklingsland, slik at dei kan bidra meir effektivt til å fremje eit godt styresett i landet sitt. I dette arbeidet tek Riksrevisjonen utgangspunkt i dei internasjonale standardane for offentlig revisjon og gir opplæring og rettleiing innanfor ulike revisjonsformer og støtte til styrking av institusjonane.

I samband med den årlege innsamlinga av statistikkdata for norske bistandsaktivitetar (ODA) rapporterte Riksrevisjonen at det hadde gått med 9,7 millionar kroner til dette utviklingsarbeidet i 2016.

---

### 5.1 Institusjonelle samarbeidsprosjekt

Riksrevisjonen hadde i 2016 samarbeid med riksrevisjonane i Makedonia, Nepal, Uganda, Tanzania, Myanmar, Sierra Leone og Zambia, og eit institusjonelt partnerskap med sekretariatet for engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika (AFROSAI-E).

Riksrevisjonen etablerte i 2012 eit petroleumsprogram. Dette er eit rammeverk for å bygge intern kapasitet i Riksrevisjonen til å kunne støtte samarbeidsriksrevisjonar med å styrkje revisjonen av utvinningssektoren i samarbeidsland, både innanfor olje- og gassektoren og gruveindustrien. Programmet samarbeider tett med Norad-programmet «Olje for utvikling» og internasjonale og regionale aktørar som AFROSAI-E og INTOSAI Development Initiative (IDI).

#### Riksrevisjonen i Nepal

Den nepalske riksrevisjonen har eit samarbeid med Riksrevisjonen om mellom anna lovutforming, strategisk planlegging, rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I 2016 er det gitt støtte til å utvikle ein operasjonell plan, støtte til å fullføre ein forvaltningsrevisjon og bistand til planlegging av ein ny forvaltningsrevisjon som blir rapportert i 2017.

#### Riksrevisjonen i Makedonia

Riksrevisjonen har eit samarbeid med riksrevisjonen i Makedonia som blir avslutta i løpet av 2017. Samarbeidet omfattar hovudsakleg utvikling av ikt-infrastruktur og innføring av eit elektronisk revisjonsstøtteverktøy i organisasjonen. I 2016 støtta Riksrevisjonen den makedonske riksrevisjonen i arbeidet med å utvikle retningslinjer for ikt-tryggleik og i testinga av det nye revisjonsstøtteverktøyet.

#### Riksrevisjonen i Zambia

Riksrevisjonen har eit breitt og veletablert samarbeid med riksrevisjonen i Zambia. Samarbeidet omfattar styrking av forvaltningsrevisjon, ikt-revisjon og inntektsrevisjon. I 2016 var merksemda spesielt retta mot områda revisjon av ikkje-fornybare ressursar og ikt-revisjon. Arbeidet i Zambia er ein del av det internasjonale petroleumsprogrammet til Riksrevisjonen. Bistanden til ikt-revisjonen i Zambia og revisjon av inntektene frå utvinning av naturressursar har bidrege til at vesentlege statlege inntektstap har blitt rapporterte til det zambiske parlamentet.

#### Riksrevisjonen i Uganda

Uganda har vore forsøksland for petroleumsprogrammet, og samarbeidet med riksrevisjonen i Uganda omfattar overordna risikovurderingar, forvaltningsrevisjon

innanfor petroleum og miljø, og støtte til revisjonar av produksjonsdelingsavtalane mellom staten og oljeselskapa. Samarbeidet omfattar også kontakt og koordinering med andre relevante aktørar, og støtte til kurs og opplæring.

Riksrevisjonen støttar også riksrevisjonen i Uganda i rolla deira som vertskap for INTOSAI Working Group on Audit of Extractive Industries (WGEI). Riksrevisjonen har fram til juli 2016 finansiert ein norsk nettverkseksperter som arbeidde i riksrevisjonen i Uganda. Han arbeidde med å setje i gang aktivitetar og leggje til rette for nettverksbygging og kunnskapsdeling i arbeidsgruppa, og sørge for at riksrevisjonen i Uganda har ei fagleg leiing av arbeidsgruppa framover.

### **Riksrevisjonen i Sierra Leone**

I 2016 starta eit nytt samarbeid med riksrevisjonen i Sierra Leone. Det blei utført ein foranalyse for å kartlegge føresetnader og behov for eit slikt samarbeid, og det er signert ein intensjonsavtale. Riksrevisjonen i Sierra Leone har hatt ei god utvikling dei seinare åra og ønskjer primært støtte til revisjon av inntekter frå gruveindustrien og til it-revisjon.

### **Riksrevisjonen i Myanmar**

Eit samarbeid med riksrevisjonen i Myanmar blei etablert i 2016. Aktivitetane har så langt bidrege til kartlegging av petroleumssektoren i landet, auka forståing for korleis systemet for produksjonsdelingsavtalar i landet fungerer, og identifisering av moglege revisjonar på området. Riksrevisjonen i Myanmar besøkte Noreg i oktober 2016, og dette inkluderte også ei orientering av kontroll- og konstitusjonskomiteen om arbeidet deira og relasjonen dei har til Riksrevisjonen. Besøket la eit godt grunnlag for tillit og vidare samarbeid. Riksrevisjonen vil ha ein langtidrådgivar buande i Myanmar dei neste to åra for å etablere og sikre framdrift i samarbeidet.



Møte mellom riksrevisorane U Maw Than og Per-Kristian Foss og delegasjonane deira då samarbeidsavtalen blei signert i oktober 2016. Foto: Riksrevisjonen

### **Riksrevisjonen i Tanzania**

Samarbeidet med riksrevisjonen i Tanzania vil ikkje bli forlengt ved utgangen av toårsplanen (mars 2017).



### **Engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika – AFROSAI-E**

AFROSAI-E er ei samanslutning av engelskspråklege riksrevisjonar i Afrika, og sekretariatet har base i Sør-Afrika. AFROSAI-E omfattar 25 land. Riksrevisjonen bidrog i 2016 med opplæring innanfor mellom anna forvaltningsrevisjon, dataanalyse, ikt-revisjon og kvalitetssikring. Riksrevisjonen hadde ein norsk medarbeidar som var knytt til sekretariatet som langtidsrådgivar i heile 2016.

---

### **5.2 Utviklingssamarbeid og IDI (INTOSAI Development Initiative)**

IDI er organet for institusjonell bistand og utvikling i INTOSAI. Utviklingssamarbeidet til Riksrevisjonen skal vere tett kopla til arbeidet IDI gjer for utviklinga av riksrevisjonar i utviklingsland. Dette nære samarbeidet blei utvikla vidare i 2016. Søknadsmengda til IDI viser at det er eit stort behov for støtte til institusjonsutvikling. Riksrevisjonen har forplikta seg til å ta på seg ein del av desse førespurnadene om støtte. Vidare gir Riksrevisjonen eitt årsverk i form av hospitering til IDI og støttar elles IDI ved behov. Riksrevisor Per-Kristian Foss er styreleiar i IDI. I tillegg kjem to av dei andre styremedlemmene frå Riksrevisjonen. I vedlegg 5 er det ei nærare orientering om IDI.

## 6 Dei tilsette i Riksrevisjonen

---

### 6.1 Arbeidsmiljø og tilsette

Riksrevisjonen legg vekt på å ha eit godt arbeidsmiljø. I tråd med arbeidsmiljølova er det etablert retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold i eiga verksemd.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) følgjer opp alle forhold som gjeld endringar og utviklingsprosjekt som kan påverke arbeidsmiljøet. I 2016 har AMU spesielt vore opptekne av førebuingar og innflyttinga i nye lokale, og oppfølging av innspel og avvik som blei melde inn under og etter innflyttinga. Det var spesielt luftkvaliteten som blei diskutert, og der blei det også sett i verk tiltak.

Hovudverneombodet deltek på møte i AMU og på møte mellom administrasjonsavdelinga og tenestemannsorganisasjonane. Det er arbeidd vidare med leiar- og medarbeidarskap i 2016 for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

#### Mangfald

Samspel- og omdømmeverdiene i Riksrevisjonen dannar grunnlaget for utforminga av dei sentrale måla for personalpolitikken. Ei brei samansetning av personalet med omsyn til kompetanse, bakgrunn, alder, kjønn og etnisitet kan styrkje oppgåveløysinga og gi eit betre arbeidsmiljø. Personalpolitikken byggjer på likeverd uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, religion, kulturelle skilnader og legning. Seniorpolitikken til Riksrevisjonen gjeld for alle fast tilsette mellom 50 og 70 år. Det er utarbeidd ein handlingsplan for likestilling og mangfald der det er føreslått tiltak for å få fleire kvinnelege leiarar.

Det elektroniske søknadsverktøyet til Riksrevisjonen gir søkjarar med innvandrabakgrunn eller nedsett funksjonsevne høve til å be om ei særskild vurdering av søknaden sin. Nødvendig utstyr blir stilt til disposisjon for medarbeidarar med spesielle behov for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen.

#### Nytilsette og pensjonistar

I 2016 byrja det 18 nye medarbeidarar i Riksrevisjonen. Halvparten av desse var kvinner. Kvinnedelen blant alle søkjarar på stillingar som blei lyste ut i 2016, var 50 prosent. I 2016 blei det lyst ut fem leiarstillingar, og tre av stillingane blei fylte av kvinner.

Gjennomsnittsalderen blant medarbeidarane som gjekk av med pensjon i 2016, var 66 år (65 år i 2015). I tillegg til dei som gjekk av med pensjon, var det 12 personar som slutta i 2016 (25 i 2015).

#### Kjønnsfordeling

I 2016 var 60 prosent av dei tilsette i Riksrevisjonen kvinner – ein auke på 1 prosentpoeng frå 2015. Kravet om 40 prosent representasjon av begge kjønn var innfridd i mellomleiargruppa og i store delar av saksbehandlargruppa. I gruppa førstekonsulentar, seniorkonsulentar og rådgivarar var kvinnedelen 63 prosent. Denne gruppa utgjer 19 prosent av alle medarbeidarane i Riksrevisjonen. Det var berre kvinner i konsulentgruppa og blant reinhaldspersonalet, medan det berre var menn blant driftsteknikarane. I toppleiargruppa var kvinnedelen uendra på 37,5 prosent.

Det er ingen lønnskilnader mellom kvinner og menn. Berre eit fåtal medarbeidarar har varig redusert stilling, og det gjeld relativt sett fleire kvinner (8,9 prosent) enn menn (1 prosent). I aldersgruppa under 50 år er det berre kvinner som jobbar fast deltid. Det blir berre utlyst heiltidsstillingar, men det blir lagt til rette for deltidsarbeid når ein medarbeidar har behov for det.

### Alderssamansetning

Tabell 5 viser alderssamansetninga i Riksrevisjonen per 31. desember 2016. Fordelinga i alder i prosent har vore relativt stabil dei siste åra.

**Tabell 5 Alderssamansetning i prosent per 31. desember 2016 (tal for 2015 i parentes). Det var 466 tilsette i Riksrevisjonen per 31. desember 2016**

Alder	Alle tilsette i %	Kvinner i %
20–29 år	5,3 (6,7)	56,0 (63,6)
30–39 år	22,2 (22,3)	62,9 (61,5)
40–49 år	26,6 (26,4)	65,1 (61,2)
50–59 år	29,4 (29,7)	54,0 (54,5)
60 og over	16,5 (14,9)	57,7 (56,2)

Talet frå fjoråret står i parentes

### Sjukefråvær

Sjukefråværet utgjorde i 2016 4,9 prosent av det totale talet på dagsverk, mot 4,8 prosent i 2015. Riksrevisjonen er ei IA-bedrift. Leiinga, HR-seksjonen, arbeidsmiljøutvalet og bedriftshelsetenesta er viktige både i arbeidet med å følgje opp sjukefråvær og i arbeidet med å førebyggje og leggje til rette innanfor HMS-området.

## 6.2 Kompetanse

Den faglege bakgrunnen og kompetansen til medarbeidarane i Riksrevisjonen er variert og inkluderer mellom anna revisjon, økonomi, juss og ulike samfunnsvitskapar.

Alle nye revisjonsmedarbeidarar i Riksrevisjonen får eit toårig opplæringsprogram innanfor den revisjonstypen dei skal arbeide med. Medarbeidarar som ikkje er omfatta av dei toårige opplæringsprogramma for nytilsette, skal kvart år gjennomføre minst 35 timar med arbeidsrelaterte kompetanseutviklingstiltak. Denne ordninga har som føremål både å stimulere til og å tilby kompetanse- og eigenutvikling.

Riksrevisjonen har ei omfattande intern opplæring av medarbeidarar i både revisjon, administrasjon og leiing.

Riksrevisjonen samarbeider med Norges Kommunerevisorforbund og Noregs handelshøgskole om ei vidareutdanning innanfor offentleg revisjon. Studiet er på masternivå og gir spesialisert kunnskap om fagområde som er særigne for offentleg revisjon.

Kvart år deler Riksrevisjonen ut stipend til etter- og vidareutdanning basert på søknader frå dei enkelte medarbeidarane. Utdanninga skjer hovudsakleg ved universitet og høgskular. For å oppnå auka kompetanse og betre kjennskap til dei ulike revisjonstypane er det også eit mål å auke den interne mobiliteten. Medarbeidarar

i Riksrevisjonen har i tillegg høve til å hospitere for å auke kompetansen sin. Dette kan dei gjere i andre avdelingar og seksjonar internt, i andre norske organisasjonar, i forvaltninga eller i internasjonale organisasjonar.



Møte i Riksrevisjonen. Foto: Ilja Hendel

### **Interne arrangement**

Det er halde ei rekkje allmøte der leiinga i Riksrevisjonen har orientert om aktuelle saker, mellom anna om resultat av leiarevalueringa og flyttinga til Storgata 16.

I tillegg har det vore arrangert faglege forum med føredrag av eksterne:

- NOU 2015:13 *Digitale sårbarheter – internasjonale utfordringer* ved Olav Lysne
- NOU 2015:14 *Bedre beslutningsgrunnlag, bedre styring* ved Øystein Børmer
- NOU 2016:3 *Produktivitetskommissjonens andre rapport* ved Tore Eriksen
- Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge* ved Espen Sjøvoll

Tilsette deltok også på ei rekkje arrangement i samband med 200-årsjubileet – sjå kapittel 3.4.

## 7 Styring, administrasjon og interne aktivitetar

---

### 7.1 Styringa i Riksrevisjonen

#### Styringssystemet

Den strategiske planen har ein tidshorisont på fire år. I tillegg blir det utarbeidd årlege verksemdsplanar, som av omsyn til revisjonssyklusen i rekneskapsrevisjonen gjeld frå 1. mai til 30. april.

Til dei strategiske måla er det utforma operasjonelle mål som konkretiserer ambisjonane for perioden – sjå nærare omtale i kapittel 2. Det er også utarbeidd eit sett med resultatindikatorar til dei strategiske måla.

I verksemdsplanane blir det sett opp prioriterte revisjonsoppgåver ut frå ei overordna vurdering av risiko innanfor kvart av departementa og på tvers av departementa. Dette utgjør den viktigaste delen av verksemdsplanen. I tillegg inneheld planen styringssignal til avdelingane og ein nærare omtale av prioriterte utviklingstiltak for å sikre ein så effektiv og god revisjon som mogleg.

Riksrevisjonen nyttar eit elektronisk styringsinformasjonssystem til å fordele og rapportere forbruk av ressursar til oppgåver av både revisjonsfagleg og administrativ art på årleg basis. Erfaringstal gir også grunnlag for meir treffsikre ressursoverslag ved framtidig planlegging.

På hausten blei det gjennomført ei undersøking om internkommunikasjon som viste nokre utfordringar. Leiinga vil setje i verk tiltak i samråd med tenestemannsorganisasjonane og vernetenesta.

#### Leiarlønningar

Lønna til riksrevisoren blir fastsett av Stortinget og er 1 450 345 kroner. For revisjonsråd og ekspedisjonssjefar følgjer Riksrevisjonen leiarlønssystemet i staten, som skal stimulere til betre måloppnåing og resultat, auka gjennomføring og god leiing. Riksrevisjonen nyttar lønnsintervall E i systemet for revisjonsråd, dette går frå 1,2 million kroner til 2 million kroner. For ekspedisjonssjefar nyttar Riksrevisjonen lønnsintervall C, og dette går frå 1 million kroner til 1,6 millionar kroner. I 2016 var årslønna til revisjonsråden 1 484 800 kroner, medan årslønn for ekspedisjonssjefane var 1 350 042 kroner.

---

### 7.2 Utviklingstiltak

#### Nye lokale for hovudkontoret

I september 2016 flytta alle tilsette med Oslo som arbeidsstad inn i nye lokale med besøksadresse Storgata 16. «Rom for rørsle» var visjonen for flyttinga og det nye bygget, som er eit moderne og fleksibelt kontorbygg med arbeidsplasser i landskap som gir gode fysiske rammer for den vidare utviklinga av Riksrevisjonen. Riksrevisjonen leiger seks etasjar i eit nybygg i Storgata 16 i Oslo og rehabiliterte lokale ved sidan av, i to etasjar i Stenersgata 2–4. I 2016 har det særleg vore arbeid med innreiingsløyisingar, innkjøp av interiør og ikt/AV-utstyr, og planlegging og gjennomføring av sjølv flyttinga. Universell utforming og miljøkrav har vore viktige premisser i alle ledd og innkjøp i samband med flyttinga. Lokala blei klare kort tid før

Riksrevisjonen tok over, og det har i dei første månadene blitt utført justeringar av dei ulike tekniske anlegga for å få bygget til å fungere optimalt.

Flytteprosjektet blei leidd av eigne krefter, slik at dei som skal vere ansvarlege for drift og vedlikehald av bygget og systema i det, også hadde ansvaret for design, utvikling og innkjøp. Prosjektet hadde god dialog med toppleiinga og tenestemannsorganisasjonane gjennom heile prosessen.

Stiftinga IDI (INTOSAI Development Initiative) leiger lokale av Riksrevisjonen. I samband med flyttinga blei det mogleg å gi desse eit åtskilt lokale, vegg i vegg, med eigen inngang frå Stenersgata 2.



Frå dei nye lokala til Riksrevisjonen i Storgata 16. Foto: Ilja Hendel

### **Utvikling av leing**

Leiarevalueringa som blei gjennomført i 2015, viste eit behov for å jobbe meir med endringsorientert leing. Vi har i 2016 sett endringsorientert leing på agendaen og vore spesielt opptekne av endringane i samband med flytteprosessen til dei nye lokala.

### **Vurdering av langsiktige kompetansebehov**

Endringar i revisjonsfaget, mellom anna som følgje av ikt-utviklinga, og endringar i forvaltning, regelverk også vidare, gjer at det er behov for ei meir omfattande vurdering av kva kompetanse Riksrevisjonen har behov for dei neste åra, og behov for å identifisere moglege strategiar for å dekkje desse behova. Først og fremst må ein sjå på om endra kompetansebehov krev nyrekruttering, eller om behovet kan bli dekt gjennom utvikling av dei noverande medarbeidarane.

### **Metode for kompetanseutvikling**

Riksrevisjonen nyttar store ressursar på kompetanseutvikling, mellom anna gjennom godt tilrettelagde interne kurs. Det er likevel grunn til å sjå på om vi kan få meir ut av kompetansearbeidet ved å designe læringstiltak og læringsprosessar på nye måtar. Dette handlar mest om metodar for utvikling av enkeltmedarbeidarar. I tillegg skal vi vurdere kva organisasjonslæringsmetodar vi kan bruke for å bygge sterke kompetansemiljø.

### **Effektivisering av arbeidsprosessar og organisasjonsutvikling ved bruk av ikt**

Noreg står overfor lågare oljeinntekter og produktivtetsvekst, og dette vil påverke offentleg sektor. I 2016 sette Riksrevisjonen i gang ei utgreiing for å kartleggje korleis vi kan halde fram med å betre verksemdsutøvinga vår og samtidig effektivisere drifta og tilpasse oss endringar i samfunnet og den teknologiske utviklinga. Prosjektet skal gi innspel til den nye strategiske planen for Riksrevisjonen frå 2018, og arbeidet med utgreiinga held fram i 2017.

### **Ny strategisk plan frå 2018**

Vi er på veg inn i det siste året av den noverande strategiske planen, og arbeidet med ny strategisk planprosess er i gang. Riksrevisjonen vil leggje vekt på å møte ei framtid prega av digitalisering, strammare økonomiske rammer og meir kompleks og samansett styring og verkemiddelbruk i forvaltninga. Riksrevisjonen skal halde fram med å levere aktuelle og relevante rapportar til Stortinget, og arbeidet vårt skal halde høg kvalitet.

### **Informasjonsforvaltning**

Riksrevisjonen har i 2016 gjennomført eit prosjekt for å betre informasjonsforvaltninga i verksemda. Føremålet med prosjektet var å setje i verk tiltak på kort sikt for å betre informasjonsforvaltninga i verksemda og for å møte framtidige behov for vidare digitalisering av arbeidsprosessar. Arbeidet i prosjektet held fram i 2017.

### **Risikovurderingar og verksemdsplanen i 2016**

Risikovurderinga av dei operasjonelle måla for Riksrevisjonen blei oppdatert i januar 2016 etter ein gjennomgang i dei enkelte avdelingane og tenestemannsorganisasjonane. På bakgrunn av risikobiletet blei det gjennomført ei rekkje tiltak.

---

## **7.3 Tryggleik**

Det er eit overordna tryggleiksmål at all informasjonsbehandling skal utførast i tråd med lovpålagde krav og på ein slik måte at tilliten til Riksrevisjonen ikkje blir svekt.

Tryggleikstilstanden i Riksrevisjonen blir oppfatta som tilfredsstillande. Det er meldt inn åtte uønskete hendingar i 2016, men det er ikkje avdekt forhold som tilseier at målet ikkje er nådd. At det er meldt inn fleire hendingar i 2016 enn tidlegare, tek vi som eit teikn på at merksemda om tryggleik aukar.

Riksrevisjonen har ein eigen tryggleiksløys som får støtte av eit rådgivande organ – tryggleiksforumet. Det var fem møte i dette forumet i 2016.

I 2015 blei trusselvurderinga for Riksrevisjonen oppdatert. Vurderinga ligg til grunn for risikovurderingar av interne ikt-system og utgjer grunnlaget for å identifisere aktuelle generelle tryggingstiltak. I 2016 er det ikkje gjennomført ei full oppdatering av trusselvurderinga. I forkant av flyttinga til Storgata 16 gjennomførte Forsvarsbygg ei risikovurdering av det nye bygget. Det førte til auka tryggleiksnivå ved at det er laga soner for behandling av sensitivt og gradert materiale, og kontrollen med kven som kan vere kvar i bygget, er gjort meir finmaska.

Vi ser det framleis som viktig å gjennomføre bevisstgjerings- og opplæringstiltak, og Riksrevisjonen deltok mellom anna i nasjonal tryggleiksmånad i 2016. Riksrevisjonen blir halden oppdatert om aktuelle tryggleiksspørsmål ved å delta på konferansar og seminar, mellom anna i regi av NSM og NORSIS, og ved jamleg kontakt med og mottak av informasjon frå tryggleiksstyresmaktene.

## 8 Vurderingar av prioriterte område for revisjon og framtidsutsikter for Riksrevisjonen

Det er viktig at Riksrevisjonen møter endringane og utviklinga i samfunnet på ein slik måte at vi, gjennom utnyttinga av mandatet vårt og utøvinga av oppgåvene våre, handterer den konstitusjonelle rolla vår som kontrollorgan for Stortinget på ein samfunnsnyttig måte.

---

### 8.1 Digitalisering

Tilgang til informasjon og mengda data aukar kraftig, og dette gir mellom anna store moglegheiter for å kople data for å få ny innsikt i korleis forvaltninga fungerer. Samtidig gir teknologien store moglegheiter for å effektivisere og tenkje nytt. Dette gir andre behov for kompetanse og større krav til kompetanse.

Teknologiutviklinga har stor verdi for kommunikasjonen og samhandlinga innanfor og mellom offentlege verksemdar, i næringslivet og for innbyggjarane. Automatisering av saksbehandling, meir bruk av sjølvbetente løysingar og moglegheita for kommunikasjon mellom it-system vil ha innverknad på korleis offentlege oppgåver er organiserte og utforma. Utviklinga gir store moglegheiter og påverkar mellom anna også måten folk tileignar seg informasjon og nyheiter på. Samtidig utfordrar digitaliseringa spørsmål om kvalitet, overvaking, personvern, ikt-tryggleik og i kor stor grad det skal vere fri flyt av informasjon mellom sektorar og mellom land.

---

### 8.2 Kompleks og samansett styring og verkemiddelbruk i forvaltninga

Offentleg tenestetilbod og tenesteproduksjon blir stadig meir sektorovergripande – både innanfor forvaltningsnivå og mellom forvaltningsnivå. Utviklinga er prega av store sektorovergripande reformer og ulike strukturelle organisasjonsformer der vi mellom anna ser fleire selskapsdanningar og heil eller delvis privatisering. Det er venta eit større samarbeid mellom offentlig og privat sektor i tida framover. Offentleg forvaltning i Noreg blir også påverka av kva rammer og krav som blir stilte internasjonalt. Den komplekse og samansette forvaltninga stiller store krav til samhandling, samordning og styring.

Behov for større krav til risikovilje, gjennomføringsevne og handlekraft i offentlig leiing har komme tydeleg fram. Samtidig ser vi auka detaljstyring, auka regelstyring og aukande vekt på brukarrettar, som saman med ein hierarkisk modell for offentlig organisering kan utfordre ein ambisjon om meir overordna styring og større handlefridom for den utøvande styresmakta.



---

### 8.3 Strammare økonomiske rammer

Det økonomiske handlingsrommet i offentlig sektor vil gradvis bli redusert – ressurstilgangen blir redusert både gjennom bortfall av inntekter frå oljen og gjennom at prosentdelen yrkesaktive i befolkninga vil gå ned. Demografisk utvikling og demografiske forventningar gjer at vi framleis vil trenge fleire og betre offentlege tenester i framtida. Det vil seie at både offentlig forvaltning og dei noverande velferdsordningane vil komme under sterkt press.

I åra framover vil det bli retta meir merksemd mot moglege innsparingar i velferdsordningane, større målretting av overføringar og andre kostnadsdempande tiltak. Dette vil krevje sterkare prioritering av mål, mindre byråkrati og evne til å leggje ned gamle aktivitetar for å gi plass til nye. Det vil vere eit sterkt behov for skifte frå ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi for å oppnå ny vekst, og eit behov for omstilling og innovasjon i tillegg til at det vil bli stilt store krav til ei effektiv forvaltning.

## 9 Budsjett og rekneskap for 2016

Rekneskapen til Riksrevisjonen er revidert av PricewaterhouseCoopers AS, som er oppnemnt av presidentskapet på Stortinget. Rekneskapen for 2016, med notar og revisjonsmelding, er send til presidentskapet på Stortinget.

Riksrevisjonen fører internrekneskapen etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. vedlegg 6. Tabell 6 viser budsjettet og kontantrekneskapen for Riksrevisjonen for 2016, og årsverksinnsats.

Tabell 6 Løyvings- og kontantrekneskap for Riksrevisjonen for 2016

Kap.	Post	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	
0051	Riksrevisjonen				
	01	Driftsutgifter	438 459	500 813	501 217
	75	Tilskot internasjonale org. og nettverk	21 500	21 900	21 900
		<b>Sum utgiftsført</b>	<b>459 959</b>	<b>522 713</b>	<b>523 117</b>
3051	Riksrevisjonen				
	01	Refusjonar	1 774	1 800	1 887
	02	Refusjonar utland	732	600	886
		<b>Sum inntektsført</b>	<b>2 506</b>	<b>2 600</b>	<b>2 773</b>
		Årsverksinnsats	445		436

---

Meldinga om verksemda i Riksrevisjonen i 2016 blir send til Stortinget.

Vedteke i møte i Riksrevisjonen 25. april 2017

**Per-Kristian Foss**

**Karl Eirik Schjøtt-Pedersen**

**Beate Heieren Hundhammer**


**Gunn Karin Gjul**

**Arve Lønnum**


---

Jens Gunvaldsen

## Vedlegg 1: Organisasjonskart for Riksrevisjonen per 31. desember 2016



## Vedlegg 2: Lokalisering av medarbeidarane i Riksrevisjonen per 31. desember 2016



## Vedlegg 3: Rapportering frå Riksrevisjonen til Stortinget i 2016

Send til Stortinget	Dokumentnummer	Tittel
12.01.2016	Dokument 3:5 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av ressursutnyttelse og kvalitet i helsetjenesten etter innføringen av samhandlingsreformen
12.01.2016	Dokument 3:6 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering av kommunale tjenester
16.02.2016	Dokument 3:7 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøking av arbeidet til styresmaktene for å nå måla om økologisk landbruk
16.02.2016	Dokument 3:8 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av såkornfondenes resultater
15.03.2016	Dokument 3:9 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid
15.03.2016	Dokument 3:10 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av effektivitet i vedlikehold av jernbanenettet
10.05.2016	Dokument 2 (2015–2016)	Riksrevisjonens melding om virksomheten i 2015
10.05.2016	Dokument 3:11 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av beskatning av utenlandske arbeidstakere og næringsdrivende på midlertidig opphold i Norge
10.05.2016	Dokument 3:12 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøking av styresmaktene sitt arbeid for å auke talet på læreplassar
14.06.2016	Dokument 3:13 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av fregattenes operative evne
21.06.2016	Dokument 3:14 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid mot sosial dumping i offentlige anskaffelser
21.06.2016	Dokument 3:15 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes innsats mot arbeidsmiljøkriminalitet
06.09.2016	Dokument 3:16 (2015–2016)	Riksrevisjonens undersøking av arbeidet til styresmaktene med å styrkje tryggleiken i vegtunnelar
18.10.2016	Dokument 1 (2016–2017)	Riksrevisjonens rapport om den årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2015
18.10.2016	Dokument 3:1 (2016–2017)	Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner som er behandlet av Stortinget
26.10.2016	Administrativ rapport 1/2016	Riksrevisjonens undersøkelse av Klima- og miljødepartementets arbeid med å sikre godt vannmiljø og bærekraftig bruk av vannressursene
08.11.2016	Dokument 3:2 (2016–2017)	Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2015

## Vedlegg 4: Uferdige forvaltningsrevisjonar som blir førte vidare i 2017

### **Arbeids- og sosialdepartementet**

*Navs forvaltning av arbeidsrettede tiltak*

### **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

*Arkuttplasseringer i det statlige barnevernet*

### **Finansdepartementet**

*Skatteetatens kontroll med prising av transaksjoner i interessefellesskap på tvers av landegrensar (transfer pricing)*

### **Forsvarsdepartementet**

- *Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningen av forsvarssektorens eiendommer, bygg og anlegg (Dokument 3:3 [2016–2017]), levert til Stortinget 17. januar 2017*
- *Riksrevisjonens undersøkelse av Forsvarets salg av F-5 jagerfly (Dokument 3:7 [2016–2017]), levert til Stortinget 2. mai 2017*

### **Helse- og omsorgsdepartementet**

- *Riksrevisjonens undersøkelse av bruken av bildediagnostikk (Administrativ rapport 1/2017, send til Stortinget 21. mars 2017)*
- *Riksrevisjonens undersøkelse av styring og kontroll med helseforetakenes kodepraksis (Dokument 3:5 [2016–2017]), levert til Stortinget 23. mars 2017*
- *Bruken av helseregistre som virkemiddel for å nå helsepolitiske mål*
- *Myndighetenes arbeid med å sikre god henvisningspraksis fra primærhelsetjenesten til spesialisthelsetjenesten*

### **Justis- og beredskapsdepartementet**

- *Riksrevisjonens oppfølgingsundersøkelse av Justis- og beredskapsdepartementets arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, jf. Dokument 3:7 (2014–2015) (Dokument 3:8 [2016–2017]), levert til Stortinget 2. mai 2017*
- *Vergemål*

### **Klima- og miljødepartementet**

*Resultater av klima- og skogsatsingen i utviklingsland*

### **Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

- *Riksrevisjonens undersøkelse av konsulentbruk i staten (Dokument 3:6 [2016–2017]), levert til Stortinget 23. mars 2017*
- *Praksis for arkivering, journalføring og offentlighet i statsforvaltningen*
- *Digitalisering i statlige virksomheter*

### **Kulturdepartementet**

*Riksrevisjonens undersøking av digitalisering av kulturarven (Dokument 3:4 [2016–2017]), levert til Stortinget 7. februar 2017*

### **Kunnskapsdepartementet**

(ingen)

**Landbruks- og matdepartementet**

(ingen)

**Nærings- og fiskeridepartementet**

- *Riksrevisjonens undersøkelse av fiskeriforvaltningen i Nordsjøen og Skagerrak (Dokument 3:9 [2016-2017]), levert til Stortinget 2. mai 2017*

**Olje- og energidepartementet**

*Myndighetenes satsing på bioenergi for å redusere utslippene av klimagasser*

**Samferdselsdepartementet**

- *Effekt av investeringer i jernbane*
- *Gods fra vei til sjø og bane*

**Utanriksdepartementet**

(ingen)

## Vedlegg 5: Orientering om INTOSAI Development Initiative – IDI



INTOSAI Development Initiative (IDI) er eit utviklingsorgan for riksrevisjonar i utviklingsland. IDI bidreg til betra revisjonskapasitet i meir enn 140 riksrevisjonar i utviklingsland gjennom behovsbaserte, målretta, og berekraftige utviklingsprogram. Verksemda omfattar kompetanseutvikling for leiarar og tilsette, organisasjonsutvikling og styrking av institusjonell kapasitet. IDI er ein integrert del av INTOSAI (International Organization of Supreme Audit Institutions), verdssamanslutninga av riksrevisjonar, som har 194 medlemmer.

Riksrevisjonen tok over ansvaret for IDI i 2001. Overtakinga var godkjend av Stortinget, jf. Dokument 3:14 (1997–1998) og Innst. S. nr. 8 (1998–1999), og det øvste organet i INTOSAI (kongressen) i 1998. I Noreg er IDI organisert som ei stifting med eit styre og eit sekretariat.

Det har vore endringar i oppgåvene og samansetninga i IDI-styret i 2016. Endringane er gjennomførte for å gjere ansvaret og rolla til styret tydelegare, og for at samansetninga av styret betre skal reflektere at IDI jobbar globalt med riksrevisjonar i utviklingsland og er ein integrert del av INTOSAI. Per 31. desember 2016 hadde styret i IDI åtte medlemmer og to observatørar frå INTOSAI (Austerrike og Sør-Afrika). Leiaren av Riksrevisjonen er leiar av IDI-styret, og to andre styremedlemmer kjem frå leiinga i Riksrevisjonen. Dei andre styremedlemmene er riksrevisorar i Nederland, Storbritannia, Sverige, Canada, Zimbabwe og Storbritannia. Leiaren av Riksrevisjonen er styremedlem i INTOSAI i kraft av å leie den riksrevisjonen som er vertskap for IDI. Det vil skje vesentlege endringar i samansetninga av styret frå 1. januar 2017, då det vil få ti medlemmer og ingen faste observatørar. Dei ti medlemmene kjem frå Riksrevisjonen (tre personar) og frå riksrevisjonane i Austerrike, Jamaica, Nederland, Sierra Leone, Storbritannia, Sverige og Sør-Afrika.

IDI-sekretariatet held til i lokala til Riksrevisjonen i Oslo. Hovudoppgåva for sekretariatet er planlegging og gjennomføring av utviklingsprogram. Sekretariatet nyttar fire arbeidsspråk – arabisk, engelsk, fransk og spansk – og sekretariatet har ein internasjonal stab.

I 2009 blei det inngått ein samarbeidsavtale mellom INTOSAI og 15 givarorganisasjonar. Talet på givarorganisasjonar har no auka til 23. Gjennom samarbeidet deltek riksrevisjonar og givarar i eit felles initiativ for ei meir strategisk tilnærming og auka støtte til styrking av riksrevisjonar i utviklingsland. INTOSAI-givarsekretariatet rapporterer til styringsgruppa for samarbeidet og inngår som ein integrert del av IDI-sekretariatet. Styret i IDI avgjorde i 2016 at vertskapsansvaret for INTOSAI-givarsekretariatet skal halde fram, og samtidig blei det vedteke ein ny arbeidsplan for samarbeidet for dei neste tre åra.

IDI er stadig under utvikling, og den strategiske planen for 2014–2018 gir den strategiske retninga for arbeidet i IDI dei neste åra. Den noverande strategiske planen gir IDI mandat til, i tillegg til dei tradisjonelle arbeidsområda i IDI, å arbeide bilateralt med dei svakaste riksrevisjonane i verda, å gjennomføre kapasitetsutviklingsprosjekt basert på full kostnadsfinansiering, og ei endring i retning av meir arbeid med utvikling av institusjonell kapasitet (inkludert sentrale tema som sjølvstendet til riksrevisjonar).



IDI gjennomfører jamlege og omfattande analysar av utviklingsbehov i riksrevisjonar globalt og regionalt. Dette har gitt eit godt grunnlag for å utvikle ein behovsbasert portefølje av utviklingsprogram.

I 2014 gjennomførte IDI ei kartlegging av kva behov riksrevisjonane hadde for støtte gjennom ei global undersøking. Resultata av undersøkinga er, saman med dei finansielle midlane og menneskelege ressursane som er tilgjengelege, styrande for utviklingsprogramma som blir tilbydde til riksrevisjonar i utviklingsland. På bakgrunn av behovskartlegginga har IDI i løpet av 2016 lansert åtte nye utviklingsprogram. IDI vil i løpet av 2017 gjennomføre ei ny kartlegging av behova for utviklingsbehova til riksrevisjonane i INTOSAI.

IDI legg til grunn at utviklingsprogramma skal resultere i varige betringar. Partnerskap skal brukast i stor grad for å sikre resultat. Dei fleste IDI-programma blir gjennomførte i samarbeid med fagkomiteane og arbeidsgruppene i INTOSAI, som utviklar standardar og rettleingar, og som kan bidra med ekspertise i programma. IDI fremjar likestilling mellom kjønna i programma sine. I 2016 var 35 % av deltakarane i IDI-programma kvinner, og dette er noko lågare enn i 2015. IDI vil halde fram med å jobbe for at kvinnedelen aukar framover. Totalt 107 riksrevisjonar frå utviklingsland deltok i utviklingsprogramma til IDI i 2016. Ei rekkje givarorganisasjonar og riksrevisjonar frå utvikla land deltok også i programma (men dekte sine egne kostnader).

Mange av IDI-programma var i 2016 i utviklingsfasen, slik at mykje tid går med til utarbeiding av rettleingsmateriell som skal brukast i programma. Eit av prinsippa IDI jobbar etter, er at alle produkt som blir utvikla av IDI, skal gjerast tilgjengelege for alle som er interesserte, også riksrevisjonar som ikkje tek del i programma. Det har i 2016 vore utvikla rettleingar innanfor område som revisjon av berekraftsmåla til FN, styrking av sjølvstendet til riksrevisjonar og rolla til riksrevisjonane i kampen mot korrupsjon. Desse er tilgjengelege på nettsidene til IDI ([www.idi.no](http://www.idi.no)).

Meir enn 550 tilsette i riksrevisjonar har i 2016 vore med på IDI-program, og om lag 15 % av deltakarane kjem frå toppleiinga i riksrevisjonane. IDI legg stor vekt på å styrkje leiingsfunksjonen i riksrevisjonar fordi dyktig og strategisk leiing er ein føresetnad for uavhengige og effektive riksrevisjonar. Deltaking på leiarnivå er også viktig for å sikre eigarskap til IDI-programma og for å sikre at dei nødvendige ressursane er tilgjengelege for å gjennomføre programma.

Det å innføre og setje i verk dei nye internasjonale revisjonsstandardane frå INTOSAI for riksrevisjonar har halde fram som det viktigaste satsingsområdet for IDI også i 2016. Standardane er samla i eit omfattande ISSAI-rammeverk (*International Standards of Supreme Audit Institutions*).

Standardane omfattar krav til mellom anna mandat, organisering og metodikk for riksrevisjonane. Riksrevisjonar i utviklingsland har generelt store behov for støtte til innføring av ISSAI-ane i revisjonen sin. 3i-programmet (ISSAI Implementation Initiative) har i løpet av perioden 2012–2016 lagt til rette for kartlegging av situasjonen i dei enkelte landa og har utdanna eit stort tal spesialistar i analyse av utviklingsbehov og rettleiing ved innføring av standardane. Programmet blei starta på engelsk i 2012 og på arabisk, fransk og spansk i 2015. I 2016 har programmet blitt utvikla vidare til å støtte innføringa av ISSAI-ar i utvalde riksrevisjonar, mellom anna gjennom fellesrevisjonar. Dette er i tråd med tilrådingane frå ei ekstern evaluering av den første fasen av 3i-programmet. Andre viktige program som blei starta eller førte vidare i 2016, inkluderer mellom anna revisjon av offentleg gjeld, rolla til riksrevisjonane i kampen mot korrupsjon, riksrevisjonane og samspelet deira med omverda, opplæring i bruk av

e-læring, revisjon av berekraftsmåla til FN, felles forvaltningsrevisjonar i opplærings-samanheng, støtte til betring av sjølvstendet til riksrevisjonar, strategisk planlegging og rapportering, utviklinga av eit globalt resultatmålingsverktøy for riksrevisjonar og opplæring av givarorganisasjonar i korleis dei best kan støtte riksrevisjonar. I tillegg har IDI jobba bilateralt med riksrevisjonen i Somalia og Afghanistan.

Arbeidet med kontinuerleg betring av planlegging og rapportering av resultatoppnåing i IDI har halde fram i 2016. Eit felles resultatrammeverk for heile IDI er inkludert i den strategiske planen for å sikre ei integrert rapportering som er knytt opp til dei strategiske måla.

Det har også vore gjort framsteg i samarbeidet mellom INTOSAI og givarane. Data-basen for utviklingsprosjekt som gjeld riksrevisjonar, er mykje brukt og har no meir enn 450 registrerte prosjekt. Eit av måla med samarbeidet er å sikre auka og meir effektiv støtte til riksrevisjonar i utviklingsland. INTOSAI-givarsekretariatet har i aukande grad blitt eit kompetansesenter som både riksrevisjonar, givarar, internasjonale organisasjonar og andre interesserte vender seg til for å få kunnskap og informasjon om riksrevisjonar og utviklingssamarbeid. Satsingsområda for samarbeidet framover vil vere å spreie informasjon om behovet for støtte til riksrevisjonar og resultatane av dette arbeidet, i tillegg til å identifisere finansielle og faglege samarbeidspartnarar til riksrevisjonar i utviklingsland i arbeidet deira med å styrkje forvaltninga av fellesressursane.

Drifta av IDI-sekretariatet blei i 2016 finansiert ved eit tilskot til Riksrevisjonen som var øyremerkt til IDI. Ein vesentleg del av kostnadene til IDI-sekretariatet, hovudsakleg lønns- og reisekostnader, kan relaterast direkte til konkrete programaktivitetar, medan ein mindre del dekkjer intern administrasjon. Dette driftstilskotet er ein føresetnad for at Riksrevisjonen har kunna ta på seg oppgåva med å vere vertskap for IDI.

Tilskot til finansiering av INTOSAI-givarsekretariatet har i 2016 komme frå givarar i Austerrike, Irland, Noreg (Riksrevisjonen) og Sveits.

I 2016 har det komme tilskot til finansiering av kapasitetsutviklingsprogramma i IDI frå givarar i Finland, Noreg, Sverige, Canada, Ungarn, Storbritannia, Australia, Frankrike, USA og dessutan frå Det internasjonale fondet for landbruksutvikling (IFAD) og INTOSAI, og bidrag frå riksrevisjonen i Zambia. Økonomisk støtte frå givarar er ein føresetnad for verksemda til IDI. IDI har hatt ei stabil givargruppe. Ei rekkje riksrevisjonar har i 2016 gitt verdifull støtte til aktivitetane i IDI i form av tenester. Dette inkluderer ressurspersonar til IDI-programma, vertskap for aktivitetane til IDI og omsetjing og trykking av dokument. Riksrevisjonen i Noreg stiller eitt årsverk til disposisjon for sekretariatet.

Nøkkeltala for kostnadene til IDI er 38,8 millionar kroner til drifta av IDI-sekretariatet og kapasitetsbyggingsprosjekt, og 8 millionar kroner til INTOSAI-givarsekretariatet. I årsrekneskapen for 2016 er føresetnaden om vidare drift lagd til grunn.

IDI disponerte per 31. desember 2016 totalt 26,8 årsverk, fordelt på 20,8 årsverk ved IDI-sekretariatet og 6 årsverk i INTOSAI-givarsekretariatet.

Verksemda held fram i 2017 med ei rekkje kapasitetsutviklingsprogram for riksrevisjonar i ulike verdsdelar og andre viktige arbeidsoppgåver som vil føre INTOSAI-givarsamarbeidet vidare.

## Vedlegg 6: Årsrekneskap for 2016

---

### Ledelseskommentarer

#### Formål:

Riksrevisjonens oppgaver følger av Grunnloven § 75 k, lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens virksomhet av 11. mars 2004.

Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og veiledning bidra til at statens inntekter blir innbetalt som forutsatt at statens midler og verdier blir brukt og forvaltet på en økonomisk forsvarlig måte, og slik Stortinget har bestemt.

#### Regnskapsprinsipp:

Regnskapet er utarbeidet i henhold til reglene i de oppdaterte statlige regnskapsstandardene av august 2015. Standardene ble opprinnelig innført som regnskapsprinsipp i Riksrevisjonen fra og med år 2013.

#### Eiendeler:

Verdien av Riksrevisjonens anleggsmidler er pr 31.12.2016 vurdert til 68,5 mill. kroner, det tilsvarer en økning på 19,8 mill. kroner fra årsskiftet 2015/2016. Økningen skyldes nyinvesteringer i ikt-utstyr, inventar m.m. i forbindelse med flytting til nye lokaler.

I forbindelse med flytting til nye lokaler ble balanseført verdi av eiendeler nedskrevet med 6,6 millioner kroner som følge av at inventar og utstyr ble utrangert og at balanseført verdi av bygningsmessige påkostninger ble nedskrevet grunnet flytting. Noe av inventaret og utstyret som ble utrangert, ble overtatt av ny leietaker (Høgskolen i Oslo og Akershus).

#### Kostnader fordelt på formål:

Riksrevisjonens driftskostnader utgjorde i 2016 541 mill. kroner og salgs- og leieinntektene utgjorde 2,8 mill. kroner. Av de totale kostnadene gikk 54 prosent til revisjon og revisjonsfaglige prosjekter og utviklingsaktiviteter mot 57 prosent i 2015, 24 prosent til felles støttefunksjoner og ledelse mot 22 prosent i 2015, 12 prosent til felleskostnader (husleie, infrastruktur o.l.), mot 11% i 2015. Som i 2015 gikk 4 prosent av kostnadene til internasjonale aktiviteter og 6 prosent til kompetanseutvikling.

#### Personalkostnader:

I tråd med de anbefalte statlige regnskapsstandardene beregnes lønnskostnadene i regnskapet med løpende feriepengeavsetning, beregnet pensjonspremie og påslag for arbeidsgiveravgift. I tillegg periodiseres variable lønnskostnader (som fleksitid, overtid og overførte feriedager) slik at disse synliggjøres i den perioden kostnadene oppstår. Dette gir et bokført et beløp på om lag 19,7 mill. kroner for skyldig påløpt lønn i balanseregnskapet for 2016 mot 19 mill. kroner i 2015. Beløpet omfatter beregnet verdi av overført ferie, fleksitid og ansattes tilgodehavende for overtidsarbeid.

Netto kostnader til lønn og sosiale utgifter utgjorde i 2016 ca. 406 mill. kroner. Årsverksinnsatsen i 2016 var 436 årsverk 1), noe som er en nedgang på 9 årsverk sammenlignet med 2015. Personalkostnadene ble i gjennomsnitt per årsverk i 2016 933 000 kroner. Økning i lønnsutgifter som følge av lønnsoppgjør utgjorde 6,5 mill. kroner, noe som tilsvarer en økning på 2 prosent fra 2015.

**Andre driftskostnader:**

Riksrevisjonens øvrige driftskostnader utgjorde 121,2 mill. kroner i 2016. Inkludert i dette beløpet er kostnader til leie og drift av lokaler, kostnader til kjøp av eksterne tjenester, reisekostnader og kontorkostnader. Andre driftskostnader økte med 24 prosent fra 2015 til 2016. Økningen skyldes i all hovedsak flytting til nye lokaler samt feiring av Riksrevisjonens 200-års jubileum.

Det ble i 2016 brukt 12,8 mill. kroner til kjøp av eksterne konsulenttjenester, dette utgjorde 3 prosent av lønn og sosiale kostnader.

**Tilskudd:**

I 2016 utbetalte Riksrevisjonen 21,9 mill. kroner i tilskudd til INTOSAI Development Initiative.

**Inntekter:**

Inntektssiden i regnskapet omfatter inntektsføring av driftsbevilgning og salgs- og leieinntekter.

Salgs- og leieinntektene gjelder internasjonale revisjonsoppdrag og utleie av kontorlokaler til INTOSAI Development Initiative.

Driftsbevilgningen er i sin helhet inntektsført og resultatregnskapet gir da et negativt driftsresultat på 10,1 millioner. Dette skyldes tap ved avhending av eiendeler ved flytting til nye lokaler samt periodiserte kostnader tilknyttet lønn og programvarelisenser.

Den regnskapsmessige effekten av pensjonskostnader, avskrivninger og investering i varige driftsmidler er utlignet ved at tilsvarende beløp er inntektsført.

**Statsregnskapet:**

Statsregnskapets utgiftsside for kapittel 0051 viser et merforbruk på 0,4 mill. kroner i 2016, men samtidig også en merinntekt på 0,4 mill. kroner på kapittel 3051.

Oslo 17.mars 2017  
Per-Kristian Foss

**Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2016**

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2016	Merutgift (-) og min- dreutgift
0051	Riksrevisjonen - driftsutgifter	01	A	500 813 000	501 217 438	-404 438
0051	Tilskudd internasjonale organisasjoner og nettverk	75	A	21 900 000	21 900 000	0
1633	Nettoordning for mva i staten	01		0	18 226 722	
				522 713 000	541 344 160	
Inntekts- kapittel	Kapittelnavn	Post		Samlet tildeling	Regnskap 2016	Merinntekt og mindre- inntekt(-)
3051	Refusjon innland	01	A	1 800 000	1 887 070	87 070
3051	Refusjon fra revisjon i utland	02	A	600 000	885 917	285 917
5309	Tilfeldige inntekter	29		0	704 242	
5700	Arbeidsgiveravgift	72		0	42 642 058	
<i>Sum inntektsført</i>				2 400 000	46 119 287	
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>					<b>495 224 873</b>	
Kapital- kontoer						
60086101	Norges Bank KK /innbetalinger				13 832 482	
60086102	Norges Bank KK/utbetalinger				-507 431 565	
700050	Endring i mellomværende med statskassen				-1 625 790	
<i>Sum rapportert</i>					0	
<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b>						
Konto	Tekst			31.12.2016	31.12.2015	Endring
700050	Mellomværende med statskassen			-14 621 131	-12 995 341	-1 625 790

**Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter**

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
005101	23 113 000	477 700 000	500 813 000
005175	0	21 900 000	21 900 000
305101	0	1 800 000	1 800 000
305102	0	600 000	600 000

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

